

Vedlegg 5:

Dagsturhytte i Masfjorden- synfaringar

Synfaringar vart gjennomført veke 17. Synfaringssgruppa var sett saman av leiar i Idrettsrådet, teknisk sjef i Masfjorden kommune, sakshandsamar, og ein representant frå forslagsstillar og grunneigar til dei aktuelle stadane.

20.04 Fjelldalsbrotet 210 m.o.h, Hosteland

Forslagsstillar : Risnes IL

Drift/ vedlikehaldsaktør: Risnes IL

Synfaringa starta v/ Nordbygda skule med Arne Andreas Riisnes frå Risnes IL som turvert og vegvisar. Grunneigar Arne Riisnes hadde ikkje høve til å gå turen, men var med på avklarande samtale før avgang. Han forklarte kvar på Fjelldalsbrotet han ville gje løyve til å plassera dagsturhytta. Frå romsleg parkeringsplass ved skulen gjekk turen ca 100m på gang- og sykkelveg før riksveg vart kryssa. Vidare gjekk turen i lett oppoverbakke i skog på skogsveg. Sti /vegkvalitet var god. Turen til Fjelldalsbrotet og vidare til Hatten(373) er eit etablert turmål for nærområdet, og mykje nytta. Ein del stader må vatn leiast vekk frå stien/vegen. Dette kan kan ordnast med enkle grep. Vel halvvegs opp i lia passerer stien eit flott skogsområde(Trollskogen) med store lauvtre(eik og bjørk) og eit område som inviterer til rast og leik.



I Trollskogen

Herifrå vert stien betydeleg brattare opp det siste stykket til avsatsen der hytta er foreslått plassert. På denne vegstubben må det lagast ein del trinn som gjer det lettare å ta seg fram, og det må hengast opp tau som ein kan halda seg i. Mykje røter frå dei store trea kan gjera stien svært glatt. Det må vurderast om det kan lagast ei alternativ sløyfe som ikkje er fullt så bratt opp til aktuell hytteplassering frå «Trollskogen».

Hytta er foreslått plassert på ein liten avsats/skråning i terrenget, i eit idyllisk område med furuskog. Sjølve tomten er ikkje optimal med tanke på vidde og blir avgrensa av ein skrent i bakkant og skråning i framkant. Gruppa fann ei plassering som ein meiner vil vera tilfredsstillande med tanke på tilstrekkeleg areal, underlag, tryggleik og utsyn, og som ikkje legg band på fine berg på austsida av tomten. Ved hytta vil ein kunne ha utsikt nordover mot Austefjellet og fjella innover i Masfjorden, i aust mot fjella på Sørsida av Masfjorden, i sør mot Sandnesosen og i vest mot Hostelandsosen og Fensfjorden. Mykje skog i området gjer at ein i liten grad får nyta denne utsikta i dag. Ein del tynning av skog kan betra utsyn mot sør og vest ein del. Dette må avklarast med grunneigar. Likeeins opparbeiding av ei alternativ stisløyfe vestover som møter den andre stien igjen halvveis nede i lia.



Tomt

Toalett kan plasserast under skrenten bak hytta. Det er ikkje rennande vatn ved tomten.

Skogsområdet rundt hytta er vakkert og variert og vil garantert invitera til kreativ leik.

Gravemaskin og anna utstyr til klargjering av tomt må fraktast inn med helikopter. Middels arbeid med å gjera tomten byggjeklar. Ikkje universell utforming/ adkomst.

Turen opp tek om lag 30 minutt i roleg gange. På Fjelldalsbrotet er ein om lag halvveis til fjelltoppen og utsiktspunktet Hatten.



Berg aust for tomt

Turvert orienterte om Risnes IL si grunngeving for å velja akkurat denne staden. Det finst mange andre gode alternativ i Nordbygda-krinsen, men nærleik til skule, barnehage og andre offentlege tenestetilbod, ynskje om å aktivisera born og unge, og føremonene med etablerte parkeringsmogelegheiter var avgjerande for at ein landa på dette alternativet.

20.04 Litlebotshågen 122 m.o.h, Hosteland- Duesund

Forslagsstillar: Nordbygda pensjonistlag

Drift/ vedlikehaldsaktør: Ikkje avklara

Synfaringa starta frå parkering v/ Nordbygda skule med Ivar Haukeland frå Nordbygda pensjonistlag som turvert og vegvisar. Turen vart ei historiereise med ein entusiastisk og engasjert turvert som hadde mykje interessant å fortelja om aktivitet i dette området i gamledagar. Grunneigar Monika Gullaksen deltok også på synfaringa.

Frå idrettsbana fulgte ein skogsveg ned til idylliske Ildalstjødna. Dette er eit svært fiskerikt vatn der sjøauren også går opp.

Vidare gjekk turen om lag 1,5 km i småkupert myrterreng langs Ildalstjødna og utover på austsida av Ilevågen.



Ildalstjødna


Deretter svinga stien bratt opp på reset like aust for toppen av Litlebotshågen der hytta er foreslått plassert, om lag 40 minutts roleg gange frå idrettsbana. Plasseringa gir fin utsikt i sør mot Sandnesosen, mot Fensfjorden i vest, og mot nord ser ein store deler av Nordbygda. Området er eit eldorado av eit skogsterreng med mykje stor furuskog og spanande naturformasjonar. Den store skogen hindrar utsyn, særleg mot sør, panorama får ein først når ein « klatrar» opp på toppen av Litlebotshågen. Det siste stykket er såpass vanskeleg og bratt å gå at ei hytteplassering der ikkje vil vera tilrådeleg.

Forslagsstillar viste tomt som oppfyller dei krava som er sett. Ein del furuskog må fellast. Toalett kan plasserast i eit søkk aust for hytteplassering. Det er ikkje rennande vatn på staden, men ei oppkomme under ein fjellhammar aust for tomten. Frå tomten gjekk turen nedover mot Grunnevika, først gjennom eit skar og deretter 10 minuttar roleg gange på fin skogsveg. På enden av skogsveg er det parkering for om lag 10 bilar. Parkeringsplassen vert i dag først og fremst nytta av badegjestar til Grunnevika i sommarsesongen.



Tomt

Stien frå idrettsbana til Litlebotshågen går for ein stor del i myrterreng. Det er omfattande behov for oppgradering av tursti. Frå Grunnevik/ Nesjane er turmålet lett tilgjengeleg. Stien treng berre ei mindre utbetring mellom enden på skogsveg og høgdedraget der hytta er foreslått plassert. Utstyr for klargjering av tomt må truleg flygast inn. Middels arbeid med tomt.



Mellom hyttetomt og skogsveg mot Grunnevik passerer vegen eit skar der det må lagast trapper

21.04: Grøttneset, 5 m.o.h, Kvingo

Forslagsstillar: Kvinge grendelag

Drift/ vedlikehaldsaktør: Kvinge grendelag

Synfaringa starta frå vegkrysset på Nord- Kvingo med Bjørn Rune Kvinge frå Kvinge bygdelag som turvert og vegvisar. Grunneigar var representert ved Wenke Ekren. Her orienterte vegvisar om heilskapsplanane Kvinge grendelag har for friluftsområdet på vestsida av riksvegen, i Ytsta neset. Det vart delt ut oversynskart over området med innteikna eksisterande stinett og vidare planar. Det vart orientert om prosjekt Stien som bygdelaget er i gang med og som det er søkt spelemidlar til. Dette er ein turveg i åsen mellom Nord-Kvingo og Kvingebakken som vil bli universelt utforma, og med veglys. Stien vidare til Grøttneset og foreslått dagsturhyttetomt held fram der den universelt utforma turvegen stoppar på Kvingebakken. Laget har alt motteke kr 500 000 i støtte til prosjektet frå Gjensidigestiftelsen og Sparebanken Vest. Laget får svar på spelemiddelsøknaden i juni, og er klar til oppstart av arbeidet så snart dei får tildeling.

Det vart og orientert om kulturhistoriske bygningar i området rundt dampskipskaaien på Nord-Kvingo; trevarefabrikk, to kvernhus, røykeri, sagbruk, stor naustklynge mm, og at denne «kulturvegen» er ein del av totalopplevinga bygdelaget ønskjer å gje dei som går tur i området, og særleg dei som ikkje er heimehøyrande i bygda. Deretter kørde deltakarane på «kulturvegen» vidare ut til Kvingebakken, og parkerte der den eine av dei fire parkeringsplassane til stinettet vil vera.



Oversyn over turområdet og tomt

Det er fleire stiar som fører fram til Grøttneset. I Ytsta neset har grendelaget merka kring 10 km med stiar. Synfaringa fulgte brun løype (1, 3 km), først på skogsveg, og deretter sti vekselvis på berg, i skog og mark. Terrenget er ope og tilnærma flatt, og lett å gå i. Ein del stader må vatn leiast vekk frå stien. Like før Grøttneset er det eit skråberg ned mot sjøen der det med fordel kan hengast opp eit tau til å halda seg i.

Tomta som grendelaget har peika ut ligg idyllisk til på ei romsleg flate litt inn på Grøttneset, om lag 40 m opp frå sjøen på begge sider, i spreidd furuskog og med hytte tenkt vendt mot nordvest. Utsikt i vest mot Austfjorden og ut Fensfjorden, i nord mot Naustholmen ytst i Mjangersvågen. To store furuer må sagast ned der hytta skal stå, i tillegg til litt kvisting for å få god utsikt til sjøen og Elvikastøne. Skogen rundt hytta vil samstundes dempa eksponeringa av hytta både frå sjø og land.




Tomt

På nordaustsida av hytta er det ei lun sandstrand og berg for ilandstigning for dei som kjem båtvegen. Her kan det ev lagast ein enkel kai. Området inviterer til kreativ leik i furuskogen på sørsida av tomten og allsidige aktivitetar i fjæra, stranda, på sjøen og på svaberga rundt. Toalett kan plasserast sørvest for tomten, diskre mellom nokre store steinar. På austsida av tomten er det ei grov der ein finn ferskvatn. Elvosen ligg litt lenger borte i vika.

Det vil vera mogeleg å køyra ei lita gravemaskin fram til tomt, og anna utstyr som trengst for klargjering av tomt kan også fraktast sjøvegen.

Turen tilbake fulgte raud løype (1,5 km) først på vestsida langs sjøen mot Skardhellerdalen, i stor furuskog, deretter bjørkeskog og vegskilje med svart sti (den lengste løypa), før ein kom ut i ope lende og nådde vegskilje med brun sti og skogsvegen turen starta på. Her orienterte turvert om heilskapstenkinga for området, som for øvrig er skildra i forslagsstillinga, om korleis bygdelaget arbeider for å få til eit produkt som kan passa mange, med universelt utforma løyper, med eit variert og spanande stinett, ev dagsturhytte, kulturhistoriske attraksjonar og fellesparkering med påbegynt båthamn. Alt tilrettelagt i eit småkupert terreng/landskap som skil seg ut frå mykje av det ein elles har i kommunen.



Den kortaste stien til Grøttneset tek om lag 25-30 minuttar å gå i roleg tempo.


22.04: Hestefjellet 160 m.o.h / Vasseten 60 m.o.h, Matre

Forslagsstillar: Lag, organisasjonar, skule og barnehage i i Indrefjorden(11 til saman)

Drift/ vedlikehaldsaktør: Forslagsstillar

Synfaringa starta frå parkeringsplassen v/ Einekavane/ BW-muséet med Frode Oppedal og Lise Dyrhovden som turvertar og vegvisarar. Grunneigarar var representert ved Martin Peter Matre og Susanne Lie Sørensen, og Arnold Matre. Først ei kort fellesorientering. Første del av turen gjekk på innmarksbeite, der god, tørr og graslagt sti slynga seg oppover gjennom vakkert og velhalde kulturlandskap og opp til Seten. I dette området går det beitedyr om sommaren, utan at grunneigarane såg på det som eit konfliktfelt. Mange nyttar alt desse stiane i dag.

Frå Seten har ein flott utsyn over Matrebygda, og staden er ideell for presentasjon av bygda si historie og naturgeografiske særtekk, td den marine grensa etter siste istid, som me sto på her. Grunneigar orienterte. Det vart og orientert om alternativ sti frå Håjen gard og til Seten. Turen kan og starta på Eineleitet og følgja merka sti gjennom Råskaret og opp på Hestefjellet.




Utsyn frå Seten

Frå Seten vart stien betydeleg brattare og gjekk på berg, småmyrar mellom hamrar i fin furuskog opp til toppen. På dette strekket vil det vera naudsynt med fleire utbetringar av sti (trinn, tau mm).

Hytta er foreslått plassert på platået med spektakulært utsyn over Matre, fjord og fjell. Grappa hadde diskusjonar kring kor langt fram på platået som ville vera beste plassering. Framme på platåkanten vil panoramaet vera formidabelt. Herifrå er det 100 meter rett ned. Litt lenger bak mister ein noko av wow-faktoren, men plassering her vil gje betydeleg tryggare tilgang til hytta. Begge alternativ vil krevja betydeleg sikrings- og grunnarbeid. Det vart og vurdert ei plassering 50 meter lenger inn på platået. Området har eit opprive landskap med berg og vakker småfuruskog, og vil vera ein spanande tumleplass for alle leikande, og ein flott rasteplass for kaffipause og drøs.

Det er ikkje rennande vatn i området. Eit toalett vil kunne plasserast i skråninga på autsida av platået. Det vil vera behov for helikoptertransport for å få på plass utstyr for klargjering av tomt til hytta.



Forslagsstillar og grunneigar ser for seg å plassera hytta HEILT fram på kanten..



...medan representantar frå idrettsråd og kommune er noko meir «tilbakehaldne».

Turen vidare gjekk innover Hestefjellet og deretter ned i Råskaret. Der kom me inn på gamal ferdselsveg mellom Store Matre og Matresvatnet. Stien som i dag startar på Eineleitet er ein noko mjukare tur opp til Hestefjellet enn den synfaringsgruppa fulgte frå Seten. Ein del store steinblokker utgjer ein rasfare i skaret ved


Prestehelleren. Vidare gjekk turen nordover gjennom Råskaret mot Vasseten i flott, ope skogslandskap på god sti. Nokre fuktige parti som lett kan utbetrast med heller/plank.

Vasseten er eit flatt område 60 moh like vest for vegen til Stordalen, med nydeleg utsyn innover Matresvatnet og Matresdalen, På flata er det tre steingrunnar etter løer som har stått her. Skulen på Matre nyttar staden til utedagar. Det vart presentert tre stader for plassering av dagsturhytta på flata, der alle tomtane var romslege og vil gjera det lett med tanke på grunnarbeid. Ikkje langt frå flata ligg Matreselva og Matresvatnet med høve for fiske. Mange kraftlinjer like over tomteområdet og master i forkant skjemmer.



Tomt på Vasseten

Den enklaste turen til ei ev hytte på Hestefjellet går frå vegen nedanfor Vasseten. Her er det og god parkering. Hestefjellet kan nåast på om lag 30 minutt frå alle startpunkta.



Frå Vasseten gjekk turen langs bilvegen og elva tilbake til Matre. Turvertane orienterte avslutningsvis om si grunngeving for å velja akkurat denne staden. Det finst mange andre gode alternativ i Matre-krinsen, men nærleik til skule og barnehage var avgjerande for at ein landa på desse alternativa når andre svært gode alternativ i området ikkje lot seg realisera.

22.04.20

Frank Kvinge
Frank Kvinge
Fagleiar kultur